

Kvar finst nynorsken og kor nynorsk er han...

ei leiting gjennom kanalane

25 %



P1

P2

Petre

P4



KRINGKASTINGS
RINGEN

Føreord

Til dagleg snakkar dei fleste av oss ein dialekt eller ein idiolekt som ligg eit stykke frå normaltalemålet, enten det gjeld nynorsk eller bokmål.

NRK har lenge vore den viktigaste formidlaren av talt nynorsk. Kringkastingsringen ser det som avgjerande viktig at folk som identifiserer språket sitt med nynorsk, får høyra det i god munnleg form. Det er også viktig at dei som har nynorsk som sidemål, får høyra språket i bruk, ikkje berre lesa og skriva det.

I denne rapporten ser me på fordelinga mellom nynorsk og bokmål, mellom normert språk og samlekategorien "dialektar" i riksdekkjande radiokanalar. Eg har ei kjensle av at radioen formidlar lite normert nynorsk, og statistikken frå NRK stadfestar i stor grad denne kjensla. Eg tykkjer det er flott med eit fargerikt dialektmangfald i radioen, og er glad for at dialektkampen ser ut til å vera vunnen. Men er normalnynorsken gløymd i denne striden?

Dette skal denne undersøkinga setja fokus på. Difor er det eit poeng å setja strenge kriterium for kva som er normaltalemål. Som dagleg leiar i ein organisasjon som arbeider for å fremja nynorsk, er eg ingen nøytral forskar. Dette er eg klar over, og det har truleg ikkje hatt så mykje å seia for datahandsaminga. Haldningane mine til språkpolitikk kjem nok klarare fram i klassifiseringskriterium, og i kva eg har valt å leggja vekt på i drøftingane.

Å skilja bokmål frå nynorsk eller å vurdere om eit talemål har flest trekk frå den eine eller andre skriftforma, er ei praktisk oppgåve. Vurderingane kan kanskje variera noko etter kor den som vurderer, kjem frå. Sjølv kjem eg frå Sandnes, og for meg er det nok vanskelegast å skilja normert bokmål frå talemål som ligg nær bokmålet. Dette kan kanskje verka inn på fordelinga mellom bokmål og bokmålsnært talemål, men har lite å seia for kor mykje nynorsk eller nynorsknært talemål det er å høyra i radioen.

Undersøkinga er støtta av Oslo Nye Sparebanks Fond og Mållaga i Sandefjord og Sandar, Kristiansand og Haugesund.

Oslo, juni 1995

Randi Alsnes

Innhald

Samandrag	3
Innleiing	4
Målstatistikken frå NRK	4
Datagrunnlaget	4
Omgrepet "dialekt"	5
Kva tyder 25 %?	6
Undersøkinga	7
Metode	8
Datainnsamling	8
Eining	9
Kategoriar	9
Feilkjelder	9
Resultata	11
Song og musikk	11
Ordsendingane	12
Stoda for normert nynorsk	12
Stor variasjon mellom kanalane	12
Nynorsk er innringarane sitt språk	14
Jinglar og reklame	14
Samisk	14
Program for born	14
Sportssendingar	14
Radioverda - ei verd for menn	14
Kven snakkar lenge	15
Likedeling av dialekten	15
Kor mange kjønn har norsk	15
Kva viser radiospråket	15
Oppsummering og kommentar	16

Samandrag

Undersøkinga ser på språkfordelinga mellom normert og unormert bokmål og nynorsk i alle dei riksdekkjande kanalane, både NRK P1, P2, P3 og reklamefinansierte P4. Spørsmålet vårt vert: Kor sannsynleg er det at du får høyra nynorsk om du tilfeldigvis slår på radioen? Datagrunnlaget gjev altså grunnlag for å seia noko om frekvens, det er ikkje grunnlag for å seia noko sikkert om språkfordelinga og nynorsken sin plass i heile programflatene.

Datatilfanget er tilfeldig uttrekte programbitar - kutt - på eitt minutt kvar. Desse kan igjen vera delte opp i fleire innslag, alt etter kor mange røyster som var å høyra. Eininga i undersøkinga er innslag - det som ein og same person seier innanfor eit kutt. Alle innslaga er klassifiserte ut frå språket til den som snakkar, les eller syng. Sjølv sagt var det mange innslag som var lyd utan ord, andre var umoglege å tolka klart nok til å plassera dei i ein språkleg kategori. Av i alt 1377 innslag er det 401 musikkinnslag. Her dominerer engelsk med 58 % i gjennomsnitt for alle fire kanalane.

Det mest interessante i vår samanheng var likevel å sjå på verbalinnslaga. Me nytta ei ganske detaljert inndeling, og skilde mellom normert nynorsk, normnær nynorsk og nynorsknært talemål, og tilsvarande kategoriar for bokmål. Av dei 765 innslaga på norsk som det var råd å klassifisera, var 3,4 % på normert nynorsk, og 12,4 % hadde eit talemål som ligg nærare nynorsk enn bokmål. Variasjonen mellom kanalane var stor. P2 hadde klart mest normert nynorsk med 7 % av tilfella. P1 hadde mest nynorsknært talemål, 17 %. Verken P3 eller P4 hadde særleg rom for normert nynorsk, men P3 hadde noko meir nynorsknært talemål enn P4. Dersom me slår saman alle kategoriane, var nynorskdelen i kanalane høvesvis: P1 - 21%, P2 - 12 %, P3 - 15 % og P4 - 10 %.

I alle kanalane bortsett frå P2 var det stor skilnad mellom språket til dei tilsette og det språket innringarane eller intervjuobjekta deira snakka. Nynorsktalande medarbeidarar var underrepresenterte med 20 %, om målet er å få samsvar mellom radiospråket og språket til folk flest.

Sjølv om det store fleirtalet her i landet, over 90 %, nyttar hokjønnsformer, er det såkalla moderat bokmål, med berre to kjønn som dominerer i radioen. Av dei bokmålsinnslaga som kunne identifiserast på dette grunnlaget, var det i underkant av 23 % som hadde hokjønnsformer.

NRK deler dialektdelen i to og legg halvparten til nynorsk og halvparten til bokmål når dei reknar ut sin statistikk. I denne undersøkinga har me skilt mellom nynorsknært og bokmålsnært talemål. Det går klart fram at den todelinga NRK brukar, ikkje er i samsvar med realitetane, men reknemåten pyntar på nynorskstatistikken

Undersøkinga måler ikkje kor mykje nynorsk/nynorsknær tale kanalane har totalt sett, men fordi fleirtalet av dei som nyttar eit talemål som ligg i ein av nynorsk-kategoriane, er tilfeldig innom kanalen, og fordi dei som tilfeldig ringjer inn eller vert intervjuet, som oftast får snakka svært kort tid, er det grunn til å rekna med at våre prosenttal gjev inntrykk av at det er meir nynorsk i norske radiokanalar enn det faktisk er.

Innleiing

Noreg har to jamstelte målformer, nynorsk og bokmål. Korleis viser språkdelinga seg i etermedia? Kan ein seia at nynorsk får ein rettviss plass? Er det skilnad mellom statsinstitusjonen NRK og dei kommersielle kanalane på det språklege feltet?

Reglane for NRK seier at det skal vera minst 25 % av kvar av målformene i ordsendingane. NRK fører målstatistikk som viser at det er langt att til minstemålet for nynorsken sin del. Dei riksdekkjande kanalane utanom NRK fører ikkje statistikk over språkforma.

For å sjå på ein del spørsmål knytte til språket i etermedia skal Kringkastingsringen gjennomføra ei undersøking som er ulik den statistikken som NRK sjølv fører, men som stiller alle dei riksdekkjande kanalane likt. Fyrste del av prosjektet, radiospråket, ligg føre no. Undersøkinga er kvantitativ, og ho måler kor sannsynleg det er at ein som tilfeldigvis slår på radioen og lyttar i eitt minutt, får høyra nynorsk.

NRK og P4 har ulike rammevilkår. Me er alle med på å finansiera NRK gjennom lisenspengane. Næringslivet yter til P4-drifta, sjølv om forbrukarane indirekte betaler reklamekostnadene gjennom varene dei kjøper. P4 har ikkje krav om ein bestemt prosentdel nynorsk. Ut frå regelverket kan det verka urimeleg å bruka same målestokk på så ulike institusjonar, men for språkmedvitne lydarar er godt språk viktigare enn kven som sender. Og det kan vera interessant å sjå om ulike rammevilkår ser ut til å spela ei viss rolle for den språklege fordelinga.

Målstatistikken frå NRK

NRK fører statistikk over språket i alle ordsendingane sine. Kwart kvartal sender forskingsavdelinga ut statistikk over målbruken i dei ymse avdelingane. Denne statistikken gjev inntrykk av å vera pinleg nøyaktig. Nynorskprosenten er talfesta med to desimalar (ein desimal frå 3. kvartal 1994).

Datagrunnlaget for NRK-statistikken?

Etter kvart program skal han eller ho som har ansvaret for statistikkføringa i avdelinga, fylla ut eit skjema som syner kor mange minutt og sekund bokmål, nynorsk og dialekt det har vore i programmet. Alt som ikkje ligg temmeleg nær opp mot nynorsk eller bokmål normaltalemål, går i fellesboksen dialekt. I sjølve statistikken vert denne boksen delt i to like delar, halve tida vert lagd til nynorsk og den andre halvparten til bokmål.

Kor nøyaktig er dette? NRK-medarbeidarane legg ned eit stort arbeid i statistikkføringa. Men det er mange forskjellige medarbeidarar som står for registreringa, og retningslinene er ikkje 100 % klare. Det er difor rom for ulike tolkingar. Sjølv om dei alle klassifiserer språket etter beste evne, spelar truleg dialektbakgrunnen til den aktuelle medarbeidaren inn når det gjeld å trekkja grenser mellom "nynorsk" og "dialekt" og mellom "bokmål" og "dialekt".

Eg snakka med to tilfeldige medarbeidarar som driv språkregistrering, og var så heldig å møta ei frå Austlandet og ei vestafrå. På spørsmål om korleis dei ville




Fig. 1: Nynorsk i NRK. Utviklinga 1985 - 1993 for P1 og P2 før omlegginga til tre kanalar

klassifisera ymse personar, fekk eg inntrykk av at innanfor austlandsmål var det ganske lett for ho frå Oslo å skilja ut kva som er dialekt, og kva som er normert bokmål. Ho frå Vestlandet meinte at det ikkje var så mange dialektar austpå, og at det var mykje greiare å skilja ut dialektar frå normaltalemålet, når den som snakka, var vestlending.

Fordi det er mange som fører statistikkgrunnlaget, kan det godt henda at det jamnar seg ut, og at ulike personlege vurderingar ikkje fører til systematiske feil i målstatistikken. Men ein kan spørja om målinga vert så nøyaktig som prosenttal med to desimalar skulle tyda på.

Til støtte i klassifiseringa har NRK-medarbeidarane eit notat frå Finn Erik Vinje. Innhaldet i dette er delvis kritisert av Norsk språkråd. Inntrykket frå samtalar med dei som fører statistikken, er at dei har eit avslappa forhold til notatet og ser på det som ein peikepinn. Dei prøver heller å bruka skjønn, men er nokre gonger usikre om dei vel "rett" kategori.

Når det gjeld fast tilsette i NRK, har det nok gått automatikk i språkregistreringa. Ei av dei som registrerer, sa det slik: "Me kjenner dei og veit korleis dei snakkar." Dette gjev rom for at medarbeidarane kan ordleggja seg langt utanom norma, innlegget vert likevel registrert etter "teorien", ikkje etter realitetane.

Omgrepet "dialekt"

Sjølve omgrepet dialekt er problematisk, og det har fleire definisjonar. Det følgjande er henta frå ei utgreiing frå Norsk språkråd, dagsett 07.07.87, der språkrådet drøftar tolkinga av termen "dialekt" i språkreglane i NRK. Utgreiinga byggjer i store trekk på Helge Sandøy: Norsk dialektkunnskap.

- a) *Ein dialekt er ein varietet av eit språk som er kjenneteikna av at han er knytt til eit geografisk område og sjølv utgjer eit komplett språkssystem.*
- b) *Ein dialekt er ein varietet som ikkje er standardisert, og som ikkje har sitt eige skriftmål.*
- c) *Ein dialekt er den første talemålsvarieteten ein person lærer.*

Når folk til dagleg snakkar om dialekt, meiner dei ofte den personlege talemålsvarianten. Så lenge ein held fast på talemusikken, kan ein gå ganske langt i normering, knoting, bruk av framandord eller vendingar som er typiske andre stader i landet, før ein sjølv eller andre vil seia at ein ikkje snakkar "dialekt". Men språkvitskapen kallar den særeigne språkvarianten til kvart enkelt individ for idiolekt.

Norsk språkråd konkluderer slik: "Hovudkonklusjonen må derfor bli at termen "dialekt" i språkreglane i NRK må forståast som "talemålsvarietet som ikkje er formelt standardisert eller knytt til skriftspråka bokmål og nynorsk - og som er sterkt knytt til dei språkmiljøa einskildpersonen har fått talespråket sitt frå."

Kva tyder 25 % nynorsk?

I vedtektene for stiftinga NRK, som er fastsette ved kongeleg resolusjon 29. april 1988, heiter det: "Norsk rikskringkasting skal tilstrebe at minst 25 pst. av verbalsendingene er i hver målform, bokmål og nynorsk." Her er ikkje skilt ut nokon eigen dialektkategori.

Dette spørsmålet kom opp alt i 1970, då Stortinget vedtok 25 %-regelen. I 1971 laga Finn Erik Vinje ei skisse over korleis NRK burde kunna føra målstatistikken. Han skreiv mellom anna: "Stortinget har pålagt NRK å sørge for at minst 25 % av ordsendingene skal være på nynorsk. Begrepet nynorsk skal her ikke tolkes for strengt; det er ikke meningen at NRK må sende 25 % nynorsk som i ett og alt er i samsvar med gjeldende skriftspråkregler." Vinje konkluderte med at NRK skulle skilja ut ein eigen dialektkategori, som skulle delast i to like delar og plussast på kvar av dei to offisielle målformene. Dersom nynorsk etter dette utgjorde 25 %, då var stortingspålegget etter Vinje si meining oppfylt. Denne skissa har NRK levd etter sidan.

"I en språksituasjon som den vi har i vårt land, kan begrepet standardtalemål ikke defineres for snevert."

Finn Erik Vinje
Om språkstatistikken i NRK 30.08.71

Det er eit atterhald i notatet frå Vinje: "Det er en forutsetning at dialekt-andelen ikke blir så stor at det på en urimelig måte reduserer den standardiserte nynorskens andel av sendingene." På den tida var det kanskje utenkjeleg at kringkastinga skulle verta så dialektfarga som tilfellet er i dag. Dette kan vera årsaka til at Vinje ikkje har talfesta kor stor dialekt delen må verta for atterhaldet om utrekningsmetoden trer i kraft.

Det er grunn til å stilla desse spørsmåla:

- Gjev NRK-statistikken eit rett bilete av omfanget av normert nynorsk i sendingane?
- Har sendingane i NRK utvikla seg slik at det er naudsynt eller ynskjeleg å prioritera normert nynorsk høgare?
- Er det i samsvar med realitetane å dela dialektkategorien i to like delar?




Fig. 2: NRK-statistikk P1 og P2 i 4. kvartal 1993 oppsett etter den måten Språkrådet tilrår. NRK sin offisielle statistikk for dette.

Norsk språkråd er skeptisk til den utrekningsmetoden NRK har lagt seg på. I brev 11.3.88 til Kringkastingssjefen viser Språkrådet til Innst. O. nr 53 (1986-87) om lov om endringer i lov 13.juni 1980 nr. 36 om kringkasting frå kyrkje- og undervisningskomiteen der det heiter: "Det bør være god fordeling mellom bokmål, nynorsk og dialekter i NRK... Komiteen mener fortsatt det er et mål at nynorsk skal være representert med minst 25 pst."

Komiteen reknar med tre kategoriar: bokmål, nynorsk og dialektar, og slår fast at av desse skal nynorsk ha minst 25 % av ordsendingane. Språkrådet meiner at så lenge "dialektane" ikkje vert skilde ut som eigen kategori, kan statistikken tilsløra den reelle målfordelinga.

Seier målstatistikken sanninga om språket i NRK?

Dette spørsmålet stiller Ådne Lunde i ei seminaroppgåve frå Norsk journalisthøgskole 1989/90. Han har sjølv gått gjennom 11 ulike program som til saman har om lag 9 timar sendetid, og samanlikna med den offisielle målstatistikken. Lunde meiner at det finst mange grensetilfelle der ulike personar klassifiserer ulikt, og at dette over tid kanskje kan føra til at statistikken vert skeiv.

Han intervjuar sju tilsette og spurde mellom anna om det hende at grensetilfelle vart førte som nynorsk for å pynta på statistikken. Fleire av dei tilsette var ikkje framande for den tanken.

I tillegg gjorde han eit lite forsøk der han spelte eit opptak med til saman femten stemmer for seks tilsette i NRK, førsteamanuensis Thore Roksvold ved Norges journalisthøgskole og Jan Swensson som då var dagleg leiar i Kringkastingsringen.

Klassifiseringa var eintydig for ein tredel av innslaga. Alle åtte var samde om kva kategori fem av dei femten innslaga tilhørde. I sju tilfelle plasserte ein eller to av forsøkspersonane innslaget i ein annan kategori enn det fleirtalet meinte var rett. Tre av dei femten innslaga vart klassifiserte både som nynorsk, dialekt og bokmål.

Lunde tek i konklusjonen atterhald i at materialet er så lite at det finst grenser for kva slutningar ein kan trekkja. Difor nøyer han seg med ei punktvis oppsummering.

1. Vurderinga er subjektiv og kan variera mykje
2. Det språklege medvitet og kompetansen er ujamn
3. Rutinane for statistikkføringa varierer mykje
4. Det finst fleire tilfelle av feil og unøyaktig føring
5. Det er grunn til å tru at det i ein skilde høve vert ført statistikk for å heva nynorskprosenten

Undersøkinga

Problemstillinga vår er:

Kor sannsynleg er det at ein høyrer nynorsk når ein skruer på radioen og høyrer på han i eitt minutt?

Denne undersøkinga skil seg frå NRK-statistikken, som måler dei ulike målformene i tidsbolkar. Her har me berre sett på kor hyppig målformene er å høyra. Innslag på 10 sekund får same vekt som minuttlange innslag.

I dette ligg inga nedvurdering av tidsmålingar. Å måla frekvens er berre ein annan innfallsvinkel, og så lenge det ikkje finst grunn til å hevda at lange program systematisk går på ei av målformene, kan metoden gje eit godt gjennomsnittsbilete av sendeflata i radioen.

Metode

For å få svar på problemstillinga valde me å sjå på eit tilfeldig utval av det som vert sendt. Tilfeldige minuttlange programbitar kan gje eit godt gjennomsnittsbilete over programflata. For å kunna samanlikna dei ulike kanalane i same tidsrommet, bestemte eg meg for perioden 11.10.93 - 12.12.93. Dette utgjer ni heile veker i ein periode som ikkje var prega av spesielle hendingar. Både P3 og P4 var i gang. Eg valde å sjå på språket i tidsrommet frå kl 0600 til 1900. Avgrensinga hadde fleire grunnar:

- det er den perioden folk høyrer mest på radio.
- på kveldstid går det mange reprisesendingar, og då ville desse programma hatt dobbelt så stor sjanse til å koma med i utvalet.
- på nattetid vert det spela svært mykje musikk

Målet var å sjå på riksdekkjande sendingar. Distriktssendingane på P1 var ikkje med i uttrekkinga, heller ikkje nyhendesendingane som kjem like før eller etter, og som er i samsending med andre kanalar. Dagsnyttbulletinane kan likevel vera overrepresenterte fordi det ikkje er korrigert for samsendingar på andre tidspunkt enn rundt distriktssendingane. Ein datamaskin plukka ut tilfeldige kutt frå dei aktuelle programflatene i dei fire riksdekkjande kanalane.

Definisjonar

- *kutt* - programbit på eitt minutt
- *innslag* - det ein person seier innanfor eitt og same kuttet

Datainnsamling

Nasjonalbiblioteket i Rana, lyd- og bildearkivet opplyste at alle dei kanalane eg var interessert i, hadde plikt til å levera kopiar av alt som var sendt til arkivet. NRK har seks månaders frist til å levera kopiar av alt som er sendt ut i eteren. P4

sender inn sitt materiale meir kontinuerleg. Kontaktmannen i Rana meinte at det skulle gå greitt å finna fram og spela minuttlange kutt med førehandsdefinerte starttidspunkt over på vanlege kassetar. I ettertid viste det seg å vera mykje meir arbeidskrevjande enn føresett å spela over kutta. For å redusera kostnadene, men likevel ha så stort datatilfang at undersøkinga vart representativ, gjekk eg ned til 200 kutt frå kvar kanal.

Men problema slutta ikkje med dette. Store delar av materialet frå NRK let seg ikkje spela over på kassett. Arkivet klarte altså ikkje å levera meir enn høvesvis 169, 147 og 159 kutt frå dei tre NRK-kanalane. Dersom dette hadde vore ei vanleg spørjeundersøking, hadde ein rekna at svarprosenten låg mellom 73,5 og 84,5.

At Lyd- og bildearkivet ikkje kan programmere datamaskinen til å finna fram arkivmateriale som er definert på tidskodar, men må leita stoffet fram manuelt, er

ei sak for seg. Men at så stor del av arkivmaterialet ikkje let seg spela over på vanleg kassett, oppfattar eg som eit alvorlegare problem. Korleis kan publikum i ettertid ha nytte av eit arkiv dei ikkje kan få kopiar frå?

Eining

Einingane i undersøkinga er "innslag", det ein og same person seier innanfor eit sendeminutt eller kutt. Ein samtale mellom to personar er koda som to innslag same kor mange gonger ordet har veksla mellom dei. Men dersom ein person er å høyra i to ulike kutt, vert dette koda som to innslag.

Dei fleste kutta har fleire innslag. Talet på einingar er:

Kanal	Kutt	Innslag	Verbalinnslag som kan identifiserast språkleg
P1	169	380	275
P2	147	304	185
P3	159	310	150
P4	199	383	155
N	674	1377	765

Tabell 1: Tal på innslag i datatilfanget

Kategoriar

Dei kategoriane som eg registrerte innsлага etter, står på neste side. Eg bruker konsekvent termar som refererer til talemålet. Ut frå dialektutgreiinga tidlegare i rapporten vart det umogleg for meg å bruka termen "dialekt" i denne undersøkinga. Eg har registrert hundrevis av personlege talemålsvariantar, idiolektar. Nokre ligg nær nynorsk syntaks, andre har meir frå bokmålet, men bruker samantrekte former som æ'kke, sæ'kke, v'ikke. Nokre knota slik at eg var uviss på om trekka frå nynorsk eller bokmål vog tyngst, mens andre gav inntrykk av å snakka eit naturleg talemål frå heimbygda. Når ordet "dialekt" er brukt, refererer det til NRK sin bruk av ordet.

Oversyn over dei kategoriane som er nytta, står på neste side

I mesteparten av analysen har eg kutta ut dei innsлага som var lydkulissar, og som var på andre språk utanom norsk eller engelsk.

Feilkjelder

Generelt kan det vera mange feilkjelder i ei undersøking. Problemet med statistisk skeivt utval er minimalt fordi alle minutta i tidsbolken då undersøkinga skulle foregå, med unntak av dei korte nyhendeinnsлага som går i samsending i fleire NRK-kanalar, hadde like stor sjanse til å verta utplukka av datamaskinen.

Frå NRK-materialet var det mange kutt som ikkje let seg spela over på vanleg kassett. Men det er ingen grunn til å tru at dette gjev systematiske feil, for det dreidde seg om tidsrom på eit par dagar om gongen.

Det kan sjølvsagt stillast spørsmål om registreringa av dei ymse innsлага er nøyaktig nok. Eg har sjølv stått for all registreringa, og kven som helst er velkomen til å etterprøva vurderingane mine.

Kategoriar

- Orklaust* musikk, applaus, lydkulissar,
- Kort norsk* innslaget er norsk, men så kort at ein ikkje kan definera språkforma sikkert

Kommentar: Døme kan vera nokon som seier "ja takk", "Klokka er nitten tretti", "Han har gått på skolen". Sjølv om eg i ein del tilfelle har kjent meg sikker på språkforma til den som snakka, anten fordi stemma var kjend, eller fordi språkmelodien gav klare indikasjonar, har eg i desse tilfella plassert innslaga i "kort norsk"-kategorien.

Talemål med trekk frå både bokmål og nynorsk

Kommentar: Dette er enten ein dialekt i lingvistisk meining, som har syntaktiske drag både frå bokmål og nynorsk, eller det er nokon med eit talemål som har rot i eit målføre som er nær den eine målforma, men som prøver å normera mot den andre målforma utan heilt å få det til. I praksis er dette folk som har vakse opp med eit nynorsknært talemål, som seinare har lagt seg til eit meir bokmålsprega talemål, og seier ord som til dømes jeg, me, bilane og fjellene i same innslaget. Eg høyrde ingen med bokmålsbakgrunn som knota til nynorsk.

- Normert nynorsk* Innslag der det ikkje var innslag av ord eller
Normert bokmål former som fell utanom norma
- Normnær nynorsk* Innslag som ligg nær normert nynorsk, men der det vert brukt eit og anna "dialektord", eller det kan vera ein nynorsk reporter som seier "Norge" eller anna ureglementert.
- Normnært bokmål* Innslag som ligg nær normert bokmål, men der det vert brukt eit og anna "dialektord" eller stemma seier "efter" eller "syv". Det kan òg vera ein reporter som seier "femogtredve" eller anna ureglementert.

Kommentar: Eg har prøvd å vera ganske streng. Fordi innslaga er svært korte, har det vore nok med ein "glepp", så hamnar innslaga utanfor "normert-kategoriane".

- Nynorsknært talemål* Innslag som skil seg merkbart frå nynorsknormalen, men som klart ligg nærare nynorsk enn bokmål. Dei aller fleste innslaga med talemål frå Nord-Noreg, Trøndelag, Vestlandet, Sørlandet og indre delar av Austlandet har hamna her.
- Bokmålsnært talemål* Innslag som skil seg merkbart frå bokmålsnormalen, men som klart ligg nærare bokmål enn nynorsk.

Samisk

Andre skandinaviske språk

Engelsk

Anna utanlandsk

- Diverse* Innslag som ikkje høver i dei andre kategoriane. Det kan vera latter, tra-la-la eller skrik

Resultata

Det er ganske stor skilnad mellom kanalane, ikkje minst når det gjeld fordelinga mellom musikk og tale. NRK tek berre statistikk for ordsendingane, men me meiner at musikkutvalet slett ikkje er uviktig, og at det skjer mykje kulturformidling gjennom song. Difor er også musikkinnslaga registrerte i denne undersøkinga.

Song og musikk

Kor mykje musikalske innslag har kanalane, og kor stor del av dette har norskspråkleg song?

	Tal på innslag	% musikk totalt	Instrumental	Norsk	Engelsk	Anna
P1	68	17,9	29,4	38,2	25	5,9
P2	64	21	57,8	12,5	10,9	17,2
P3	122	39,4	12,3	9	77	0
P4	147	38,4	10,2	11,6	78,2	0

Tabell 2: Musikkfordelinga i dei ulike kanalane





Fig 3 viser kor sannsynleg det er å høyra musikk dersom ein tilfeldigvis slår på radioen.

P1 står i ei særstilling når det gjeld å formidla norske viser og songar. P2 har mest musikk utan ord, men her får publikum også høyra song på andre språk enn norsk og engelsk. P3 og P4 er musikk-kanalar. Musikkprofilen til desse kanalane er nokså einsarta, med mykje engelsk. I tid har desse kanalane mykje meir musikk enn denne undersøkinga viser. Musikk har ein tendens til å vara lenge, og mange av dei musikalske kutta hadde berre eitt innslag.



Figur 4: Fordeling av musikk på ulike språk

Både P2 og P3 utmerkte seg i negativ lei med å ikkje ha ei einaste plate med nynorsk eller nynorsknær song i tilfanget. P1 var vinnaren med 9 av 26 i desse kategoriane. P4 hadde også over ein firedel nynorsknært av dei norske platene, men totalt sett spela denne kanalen så lite norsk-språkleg musikk at det gjer ikkje store utslaget.

Resultat frå ordsendingane i dei einskilde kanalane

Stoda for normert nynorsk

NRK legg i utgangspunktet vekt på å nytta normaltalemål i manusbundne sendingar. Alle kanalane har svært lite normert nynorsk. Rett nok er det brukt svært strenge kriterium i denne undersøkinga. Eit ord som ikkje fylgjer normalen, og innslaget hamnar i kategorien "normnær nynorsk". Når det finst "glepp" i innslag som er på maksimalt eitt minutt, men oftast mykje kortare, er det grunn til å tru at den som snakkar, ikkje er heilt stø eller konsekvent. På andre sida, dersom det korte innslaget er utan formelle feil, vert det "normert nynorsk". Men ingen kan seia om denne personen er like konsekvent i alt han/ho seier. Eg trur likevel at begge desse kategoriane vert rekna som "nynorsk" i NRK-statistikken, jf Vinje sine retningslinjer.

	P1	P2	P3	P4
Prosentdel innslag på normert nynorsk i denne undersøkinga etter våre kriterium	4,0	7,0	1,3	0
Prosentdel innslag på nynorsk i denne undersøkinga etter det som truleg er NRK sine kriterium	6,9	9,2	1,3	2,0
Den offisielle NRK-statistikken for same perioden, nynorsk innrekna dialektdelen	20,3	12,6	-	-

Tabell 3 syner kor mykje nynorsk radiokanalane har etter ulike målemetodar

Stor variasjon mellom dei fire kanalane


Kanalane hadde ganske ulik språkprofil. Tabell 4 nedanfor syner den prosentvise fordelinga i datatilfanget i denne undersøkinga. Alt er i prosent av innslag som kunne identifiserast språkleg. Kategorien "talemål med trekk frå både bokmål og nynorsk" er delt i to like delar, og dei er lagde til høvesvis nynorsknært og bokmålsnært talemål.

	Normert nynorsk %	Normnært nynorsk %	Nynorsknært talemål %	Normert bokmål %	Normnært bokmål %	Bokmålsnært talemål %
P1	4,0	2,9	14,5	46,2	12,4	20,0
P2	7,0	2,2	3,2	67,6	15,7	4,3
P3	1,3	0	14,6	40,7	29,3	14,0
P4	0	2,0	7,7	16,1	35,5	38,7

Tabell 4: Språkforma i datatilfanget som er med i denne undersøkinga i % av innslaga.

Språkprofilen kanal for kanal

P1-Språkfordeling



P1

Dersom me slår saman dei tre kategoriane - normert nynorsk, normnær nynorsk og nynorsknært talemål, viser denne undersøkinga at sjansen for å høyra nynorsk når ein slår på P1, er 21,5 %.

NRK-statistikken for same tidsbolken som undersøkinga, 4. kvartal 1993, viser 20,3 %. Dette er godt innanfor feilmarginane, så denne undersøkinga ser tilsynelatande ut til å stadfesta den statistikken som NRK fører. Men skilnadene kjem klart fram dersom me ser på dialektdelen samanlikna med normert nynorsk. NRK sjølv opererer med 10,4 % normert nynorsk. Våre tal er som før nemnt 4 % for P1. Slår me saman "normert nynorsk" og "normnær nynorsk" i denne undersøkinga, vert prosentdelen 6,9.

P2-språkfordeling




Fig 6

P2

P2 er den kanalen som har minst "dialekt" i sin eigen statistikk, og der det er minst gap mellom NRK-statistikken og denne undersøkinga i spørsmålet om kor stor del nynorsk kanalen nyttar. I NRK-statistikken er talet 9,9 %. Vår måling viste at innslaga var på normert nynorsk i 7 % av tilfella, og på normnær nynorsk i 5,4 % av innslaga.

P3-språkfordeling




Fig 7

P3

Det finst ikkje NRK-statistikk frå den tidsbolken me har data frå. Men våre tal viser at P3 har svært lite normert nynorsk, 1,3 %, men ein god del nynorsknaert talemål. Men med 41 % av innslaga på normert bokmål er det ingen grunn til å hevda at P3 har lagt seg på ei konsekvent dialektline.

"Allmennkringkastings-programmene skal bidra til å styrke norsk språk, identitet og kultur."

Frå konsesjonsvilkåra

P4

Me presiserer på ny at P4 ikkje har dei same krava som NRK til å formidla nynorsk, men dei har like godt høve til det. Kva slags politikk har kanalen på dette området, og korleis er språkprofilen deira?

I eit møte Kringkastingsringen hadde med P4-leiinga hausten 1994, gav dei uttrykk for at P4 skulle ha eit godt språk, og at dei ikkje ville ha framandord eller engelsk slang. Dette siste har dei klart, engelsk finst i stor monn på musikksida, men talen er i hovudsak norsk. Alle medarbeidarane i datatilfanget, bortsett frå ein, hadde eit greitt og forståeleg språk.




Fig. 8

Men er P4 med på å spegla det språklege mangfaldet i landet og styrkja den språklege identiteten til folk rundt om i landet? Med null normert nynorsk og om lag 10 % talemål som er nynorsknært kan ein ikkje seia anna enn at P4 ligg eit langt stykke bak NRK i å synleggjera nynorsk.

Nynorsk er innringjarane sitt språk




Fig 9: Viser kor stor del av dei tilsette og intervjuja som talar nynorsk/nynorsknært

Splittar ein datatilfanget opp på dei som er tilsette, og folk som anten ringjer inn eller som tilfeldig vert intervjuja, ser me markerte skilnader. Berre to prosent av dei tilsette i P4 nyttar nynorsk/nynorsknært talemål. Av dei som meir tilfeldig var med i programmet, hadde 21,7 % eit talemål som ligg nær nynorsk. Det same mønsteret gjeld i P3, men er litt mindre utprega der fordi fleire tilsette her har eit nynorsknært talemål. 11,3 % av dei tilsette nyttar nynorsknært talemål, mot 32,1 % av dei som tilfeldig er innom kanalen. For P1 og P2 er desse tala høvesvis 16,2 % mot 35,2 % og 12,7 % mot 15,4 %.

Dei som tilfeldig vert intervjuja på radioen, får sjeldan snakka særleg lenge. Ut frå denne undersøkinga, som klart viser at "tilfeldige" har ein langt større tendens til å bruka eit nynorsknært talemål enn dei tilsette, kan ein slå fast at nynorskprosenten i tidsomfang sannsynlegvis ikkje er på langt nær så høg som talet på innslag viser.

Jinglar og reklame.

P4 er den einaste kanalen som har reklame. Reklamespråket er bokmål eller bokmålsnært. I tilfanget var det berre to reklameinnslag med nynorsknært talemål, av totalt 42, som utgjer 4,8 % av tilfella.

Samisk

Det var 10 samiske innslag i tilfanget, alle på P2. I konsesjonsdokumentet til P4 står det at dei skal ha sendingar til det samiske folket. Ein telefon til P4 eit og eit halvt år etter at kanalen kom i gang, oppklarte at dei ikkje har sendt slike program i det heile.

Program for born

I heile tilfanget var det 15 innslag som heilt klart var retta mot born. Av desse var eitt innslag på nynorsknært talemål.

Sportssendingar

Eit anna felt der bokmålsdominansen er stor, er i sportssendingane. Me registrerte totalt 31 innslag i denne kategorien. Fire av desse hadde nynorsk eller nynorsknær tale.

Radioverda er ei verd for menn

I alle kanalane er det mannsrøyster i om lag to tredelar av verbalinnslaga. Dette går igjen både på programleiarsida og når det gjeld folk som vert intervjuet. Sameradioen skilde seg ut med ei jamn kjønnsfordeling. P3 intervjuet om lag 40 % kvinner, elles var to-tredels regelen markert. Dette høver godt med undersøkinga frå likestillingsutvalet i NRK, som vart lagt fram for Kringkastingsrådet i april 1995. Det er difor lett å forstå at NRK har på handlingsplanen å auka kvinnedelen. Ein kunne kanskje tenkja seg at NRK prøvde å kompensera med å synleggjera kvinnene gjennom musikkvalet. Men nei, i alle kanalane finn me same mønsteret når det gjeld vokalistar, to tredelar er menn.

Kven snakkar lenge?

Ikkje nok med at menn snakkar oftast, dei snakkar også lengst. I 56 av verbalinnslaga fekk ein person snakka eit heilt minutt. Av desse var det 21,4 % kvinner, altså langt færre enn ein tredel som det burde ha vore om taletida var jamt fordelt. Dette viser ein trend, men datatilfanget er for lite til å vera fullgod statistikk. Berre ein nynorskbrukar i dette tilfanget snakka i eit heilt minutt. Det går altså ikkje an å hevda at nynorskfolk snakkar lenge når dei først kjem i gang.

Dei fleste innslaga som hamnar i kategorien "nynorsknært talemål", er med folk som vert tilfeldig intervjuet, altså folk som får snakka kort tid. Frekvens er ikkje det same som lengd. Denne undersøkinga, som svarer på kor stor sjansen er for å høyra nynorsk når du slår på radioen, gjev truleg eit altfor positivt bilete av nynorskmengda.

Likedeling av dialektdelen

Me har høyrte på talemålet til dei som ikkje snakkar normert nynorsk eller bokmål. Dette gjeld altså den delen som NRK definerer som "dialekt" og som dei deler likt mellom nynorsk og bokmål i statistikken sin. Samla for dei tre NRK-kanalane identifiserte me 80 innslag med bokmålsnært og 63 med nynorsknært talemål. Ut frå dette er det grunn til å kritisera metoden NRK bruker i statistikkføringa si. Med å dela dialektdelen i to like store delar gjev NRK inntrykk av at programma deira har meir nynorsk enn dei faktisk har.

Både NRK og ein stor del av P4-redaksjonen ligg i Oslo. Dette fører til at det automatisk vert flest frå det sentrale austlandsområdet som tilfeldig vert med i sendingane. Det at P1 og P3 har redaksjon i Trondheim, hjelper mykje på nynorskprosenten. Trønderane utgjer ei av dei største gruppene i kategorien "nynorsknært talemål", som igjen viser at ingen av kanalane reiser langt bort frå "huset sitt" når dei hentar inn folk utanfrå til programma. P3 og P4 har omtrent like lite normert nynorsk og normnær nynorsk, men P3 har mykje høgare del med nynorsknært talemål.

Kor mange kjønner har norsk?

Alle veit at norsk har tre grammatiske kjønner i talemålet over det meste av landet. Helge Sandøy, som er språkkonsulent i NRK, opplyser at dersom ein reknar med god margin, er det maksimalt 400 000 menneske her i landet som naturleg har

berre to grammatiske kjønn i dialekten sin, 300 000 i Bergen og 100 000 i Oslo vest og Bærum. Dette er mindre enn 10 % av oss som bur i Noreg, altså er det over 90 % som bruker tre kjønn.

Kva viser radiospråket?

Med så korte sekvensar som delar av eitt minutt var det ikkje så mange innslag i bokmål eller bokmålsnært talemål som hadde anten ubunden artikkel (en eller ei) framfor eit hokjønnsord, eller hokjønnsord som var bøygd i bunden form eintal.

	Tal på innslag	Tal på innslag med 3 kjønn	Tal på innslag med 2 kjønn	Prosent som bruker 3 kjønn
P1	88	33	45	42,3
P2	60	11	49	18,3
P3	40	6	34	15,0
P4	55	5	50	9,1

Tabell 4: Bruk av bokmål med tre kjønn i radio

Berre dei innslaga som kunne identifiserast på denne variabelen, er tekne med. Hadde eg teke med alle innslaga der eg eigentleg "veit" korleis personen snakkar, men der det ikkje var hokjønnsord i eintalsform, hadde prosentdelen for moderat bokmål stått endå sterkare.

Det er grunn til å stilla spørsmål om kvifor moderat bokmål som har så lite talemålsgrunnlag, skal stå så sterkt i radioen, som er eit talt medium. Av dei tilsette i P4 var det til dømes berre 6,1 % som hadde hokjønnsformer. Dette kan neppe seiast "å spegla språkleg mangfald".

Oppsummering og kommentarar

Me går tilbake til dei tre spørsmåla me stilte på side 6.

Svaret på spørsmålet om det er i samsvar med realitetane å dela dialektkategorien i to like delar, er klart og eintydig nei. NRK bør ta dei føresetnadene som Vinje sette opp, meir alvorleg. Han poengterte at det må vera ein viss del normert nynorsk for at todelinga skal vera rimeleg.

Om sendingane i NRK har utvikla seg slik at det er naudsynt eller ynskjeleg å prioritera normert nynorsk høgare, er eit vurderingsspørsmål. Riksmålsforbundet vil kanskje svara "nei, det er ikkje ynskjeleg", mens store delar av målrørsla vil ropa eit høgt "ja, og no er det på tide med rettferd her". Men 25 %-regelen står fast, og dersom NRK ikkje vil halda fram med sivil ulydnad, er det på tide å leggja større vekt på å synleggjera nynorsken.

Det verkar som om NRK er meir oppteken av jamstelling mellom kjønna enn mellom språka. Institusjonen har oppretta eit eige register over kunnskapsrike kvinner som bør kontaktast når NRK skal ha ekspertar til å uttala seg på ymse felt. Dette er eit godt tiltak, og Kringkastingsringen har kome med framlegg til NRK-leiinga om å gjera tilsvarande for nynorskbrukande fagfolk, men det har ikkje kome signal om at dette er ei prioritert oppgåve.

Det folk flest høyrer av normert nynorsk, kjem gjennom kringkastinga. Pedagogisk sett bør det kanskje leggjast større vekt på normert nynorsk. I ei tid der bokmålsveldet er stort i etermedia, kan det vera godt for nokon kvar å høyra god munnleg nynorsk, ikkje minst for ungdom i bokmålsområda som ikkje har noko talt språk å festa sidemålet sitt til.

Gjev så NRK-statistikken eit rett bilete av omfanget av normert nynorsk i sendingane?

Denne undersøkinga måler "nynorskfrekvens", mens NRK-statistikken måler "nynorskflate". Det går altså ikkje an å samanlikna dei to målingane direkte. Undersøkinga har eit avgrensa omfang, og ein må rekna med statistiske feilmarginar og andre feilkjelder. Med desse atterhalda tyder undersøkinga vår på at

- nynorsknorma i NRK-statistikken er svært romsleg
- mykje av det NRK registrerer som nynorsk, held ikkje som mål på korrekt nynorsk tale
- omfanget av normert nynorsk er minimalt
- dei som er tilfeldig innom mikrofonen, har større tendens til å ha eit nynorsknært talemål enn dei tilsette
- bokmålsbrukarar ser ut til å ha lengre sekvensar enn nynorskbrukarar
- det er langt att til NRK når opp til sine egne vedtekter på det språklege området

I ei tid der målstyring og resultatorientering er daglegdagse ord, er det merkeleg at NRK kan ta så lett på dei språklege måla som er sette opp.